

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dato: 14.11.2017

Vår ref.: 17/05760
Deres ref.: 17/3897

Saksbehandler: Jannicke Eriksen

Høyringsfråsegn - forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) viser til brev frå Kunnskapsdepartementet (KD) 15. august 2017, samt tillegg av 2. oktober 2017, med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning. Fakulteta og Studentparlamentet har fått høve til å uttale seg. Kommenterar til dei enkelte forslaga følger nedanfor. I tillegg søker HiOA om ein endring etter § 7-2 femte ledd.

Søknad om endring etter § 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote

HiOA søker med dette om at bachelorstudium i produktdesign ved Høgskolen i Oslo og Akershus blir unntatt frå kravet om kvote for førstegongsvitnemål. Søklarar til studiet blir rangert på grunnlag av opptaksprøve aleine. På grunn av profilen til studiet, som er basert på å kunne kombinere kreativitet med funksjonalitet og praktisk utføring, ønsker utdanninga å få inn dei søklarane som på best mogleg måte viser at dei har desse kvalitetane, utan omsyn til alder.

Til § 2-3 Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning

HiOA støttar forslaget, og er einige i at det kan vere urimeleg at søklarar som har fått opptak ved en feil, og som har bestått minst eitt år i høgre utdanning, ikkje kan oppnå generell studiekompetanse på dette grunnlaget.

Til § 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning

HiOA støttar ikkje forslaget om at kravet om norsk blir fjerna for at søklarar med 2-årig fagskoleutdanning skal oppnå generell studiekompetanse. Fagskole ligg på nivået mellom vidaregåande skole og høgre utdanning i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Vi meiner derfor det ikkje er riktig at fagskoleutdanning står fram som tilsvarande høgre utdanning både i nemning (studiepoeng) og i regelverk.

Til § 3-6 Unntak for kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte kunstfag og føreslåtte endringar i kapittel 4 Spesielle opptakskrav (§§ 4-4, 4-5, 4-8, 4-9 og 4-10)

HiOA støttar CERES/Samordna opptak si vurdering om at studentane først og fremst skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter i løpet av sjølve studiet, og at moglegheita til å innføre opptaksprøver bør bli avgrensa til studium der det er heilt naudsynt for å kunne gjennomføre studia. Vi støtter derfor ikkje tankegangen om at opptaksprøver skal nyttast som tiltak for å auke kvalitet og betre gjennomføring i studia, til tross for at dette kan være ønskelege effektar av slike tiltak.

Til § 5-1 Opptak på visse vilkår

HiOA støttar forslaget, og vurderer det som en riktig presisering i samanheng med praksis for korleis vi handsamar desse søkjarane i dag.

Til ny § 5-5 Opptak på visse vilkår for søkjarar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årskurs i norsk

HiOA har ikkje studium som blir omfatta av dette forslaget, men vi har ikkje innvendingar mot innføringa av ein slik regel.

Til § 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring og § 7-6 Karakterpoeng for 23/5-søkjarar

HiOA støttar forslaga, som forenkler regelverket og bidrar til at fleire søknader blir poengberekna.

Til § 7-9 Tilleggs-poeng for det underrepresenterte kjønnet

HiOA er positive til tiltak som spesiell kvote eller tilleggs-poeng for det underrepresenterte kjønn som kan bidra til å betre kjønnsbalansen i enkelte studium med skeiv kjønnsbalanse. Vi meiner at moglegheita bør praktiserast snevert, i og med at tilleggs-poeng og/eller kvoter ikkje er eit tilstrekkeleg tiltak i seg sjølv, og støtter derfor forslaget til ordlyd i denne regelen.

HiOA søker ikkje om tilleggs-poeng for det underrepresenterte kjønnet eller særskilde kvoter etter § 7-3 no, men kjem tilbake med søknad seinare dersom det skulle bli aktuelt for framtidige opptak.

Til § 7-10 Tilleggs-poeng for alder

HiOA støttar ikkje forslaget om at søkjarar får tilleggs-poeng for alder frå året etter at dei er ferdige med vidaregåande opplæring. Vi meiner at alderspoeng fortsatt bør bli rekna ut frå alder, fordi det er ein større fordel for søkjarar med førstegongsvitnemål å konkurrere i denne kvota lengre enn å få alderspoeng tidligare. Det er også meir effektivt med omsyn til ressursbruk ved institusjonane og informasjon til søkjarane.

Vi viser i denne samanhengen til notat frå CERES av 11. november 2017, der resultat av eit simulert opptak med regelendringa blir presentert. Her kjem det fram at svært få søkjarar vil få ein fordel med den føreslåtte regelendringa, og at like mange søkjararar ville fått ein ulempe. Notatet samanfatar at regelendringa vil føre til auka manuell handsaming, mindre gjennomsiktighet for søkjarar, og mindre effektivitet for sektoren.

Det er i dei fleste tilfella lågare poengsum i kvote for førstegongsvitnemål enn i ordinær kvote, der alderspoeng kan reknast med. Disse søkjarane får dermed fordelene ved å kunne søkje fleire år i kvote for førstegongsvitnemål, sidan denne kvota også blir rekna ut frå alder. Med regelendringa vil til dømes ein søkjar som fullførte vidaregåande skole som 18-åring og har 50 skolepoeng bli rangert føre ein søkjar som fullførte som 19-åring med 51,9 poeng i ordinær kvote. Spørsmålet er om dette er en ønska følge av den føreslåtte regelendringa.

HiOA hadde i 2017 behandlingsansvar for 9022 søkjarar født i 1995 eller seinare, der tidspunktet for når søkjarane får tilleggspoeng for alder kan vera viktig. Det vil krevje unødvendig bruk av tid og ressursar å gjere jobben med å leggje inn tilleggspoeng for alder manuelt framfor at det blir gjort automatisk som i dag, og vil ha mykje å seia for ein stor institusjon som HiOA med behandlingsansvar for mange søkjarar.

Ulempa for dei få søkjarane den føreslåtte regelendringa gjeld, veg etter HiOA si vurdering ikkje opp for ekstraarbeidet med å legge inn tilleggspoeng for alder manuelt. Forslaget inneber i staden ein unødvendig forvansking av opptaksreglane, mot at det i dag finnes ein klar og eintydig regel for når søkjarane får tildelt alderspoeng. Historisk sett har den viktigaste drivkrafta bak utviklinga av opptaksreglane vore eit ønske om eit opptakssystem som både er oversiktlig og effektivt for søkjarane og effektivt å saksbehandle for institusjonane (jf. NOU 1999: 17). Med slike individtilpassa endringar er vi i ferd med å bevege oss bort frå disse prinsippa.

Vennleg helsing

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Curt Rice
rektor

Nina Waaler
prorektor for utdanning